

Referat, soknerådsmøte i Moster sokneråd

tysdag 26.11. 2019 kl.19.00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Camilla Rubach, Heidi Torkelsen Fagervik, Gerda Bondø, Karianne Haugland Fimland og Aksel Lygre.

Sak 99 – 2019 Godkjenning av a) møtebok av 22.10.19 og b) av innkalling.

Korrigerings av møtebok for nytt sokneråd 22.10.19: Mona Ingvaldsen var til stades på begge møta. Feil saksnummer på siste sak. Rett saksnummer skal vere sak 110

Sak 100 – 2019 Oppfølging av tidlegare saker.

- Moster kyrkje vert 150 år i 2024, - info Per Harald og Aksel ad komité. Komiteen er på plass og hadde sitt første møte i november.
- Nye medlemmer kan gjerne lesa siste referata. Desse finn ein på kyrkja sine heimesider.
- Oppmerking av parkeringsplass: soknerådet ventar at dette vert gjort så snart som mogleg.
- Orgelkomité – vedrørende søknad til Finnås kraftlag. Søknaden vert sendt frå soknerådet digitalt innan frist ved nyttår. Mona og Elin tek ansvaret for dette.
- Aksjon for Kirkens Nødhjelp med konfirmantar. Aksel melder inn til Kirkens Nødhjelp at Camilla Rubach er ansvarleg kontakt for innsamlingsaksjonen.
- Karianne Haugland Fimland tek ansvaret for organiseringa av kyrkjekaffien.

Sak 101 – 2019 Kyrkjeoffer 2020.

Soknerådet godkjenner offerliste for fyrste halvår 2020. Lista for andre halvår er førebels godkjent, men vert gjennomgått før sommarferien.

Sak 102 – 2019 Arrangement desember 2019.

Me planlegg dei praktiske utfordringane med julekonsert 15.12 og julafta.

Rune kjøper blomar og takkar deltakarane på konserten. Rune snakkar med Øystein om når i programmet det er mest praktisk å gjere det.

Sak 103 – 2019 Komitear og utval

Respons frå sitjande utvalsmedlemmer om å halda fram, og forslag til nye namn.

Vedtak:

Støttelaget for Moster Gamle Kyrkje: Kristian Johnsen tek ein ny periode.

Estlandskomitè: Gunnvald Bjotveit.

T.O.L: Christian Kallevåg-Bjerke.

Diakoniutvalet: Gerda Bondø.

Kyrkjemusikalsk utval: Karianne Haugland Fimland.

Alle soknerådsmedlemmene skal ha med forslag til to namn til kvart utval, til neste soknerådsmøte.

Sak 104 – 2019 Samling med dei tilsette i januar.

AU føreslår at me legg samlinga til soknerådsmøtet 14.januar. Kl.18:00: Ordinært, men kort soknerådsmøte. 19:00: Måltid, der me stiller med litt kvar. 19:30 cirka: Fellesmøte. Evalueringar, tilbakemeldingar, forslag. Kven inviterer, ordnar til lokale m.m.?

Vedtak: Saka vert utsett til neste soknerådsmøte.

Sak 105 -2019 Godkjenning av budsjett

Vedtak: Soknerådet godkjenner budsjettet for 2020, med vedtekne endringar.

Sak 106 -2019 Årsmelding, rekneskap og årsmøte

Sjå vedlagte årsmelding for 2018. AU føreslår at årsmøtet vert lagt til tysdag 2.april.

Vedtak: Soknerådet legg årsmøtet for 2019 til den 02.04.2020. Kort temasamling i forkant: «Ten kvarandre, kvar med den nådegåve han har fått» Gjennomgang av årsmelding på neste soknerådsmøtet.

Sak 107 – 2019 HMS

Bør me ha ein HMS-ansvarleg i soknerådet eller dei tilsette knytte opp mot soknet?

Vedtak: HMS er arbeidsgjevar/Fellesrådet sitt ansvar.

Sak 108 – 2019 Søknad om fritak for medlem i Moster sokneråd fram til juni 2020.

Vedtak: Søknad vert innvilga. Heidi Torkelsen Fagervik vert då fast medlem, og Gerda Bondø vert 1. vara i denne permisjonsperioden.

Sak 109 – 2019 Skal me oppretta ein pyntekomité?

Heidi og Karianne tek på seg å pyntekomitè. Dei kontaktar Elin om det praktiske.

Vedtak: Soknerådet løyver inntil 5000 kroner til dette.

Sak 110 – 2019 Referat og meldingar

- Frå fellesrådet: Mona orienterte. Innspel til vedlikehaldsbudsjett må sendast Fellesrådet. Vert sak på neste soknerådsmøte.
- Frå orgelkomiteen. Mona orienterte. Referat vart lagt fram.
- Informasjon om brannalarm, handtering av eventuell brann og innbrotsalarm
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Per Harald Gjerde

Skrivar